

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

Til kontrollutvalets medlemmar:

Olav Mandt (leiar), Tor Hallvard Mosdøl (nestleiar), Ingrid Helle (medlem), Anne Blix Grimestad (medlem), Geir Anders Breive (medlem)

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Onsdag 13. november 2024 kl. **09.00**, kommunestyresalen

SAKSLISTE

- SAK 22/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 02.10.24
SAK 23/24 KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «INTERNKONTROLL – AVVIK
OG AVVIKSHÅNDTERING I BYKLE KOMMUNE»
SAK 24/24 PROSJEKTPLAN «INTRODUKSJONSPROGRAMMET I BYKLE
KOMMUNE»
SAK 25/24 KONTROLLUTVALET'S ÅRSPLAN 2025
SAK 26/24 NUMMERERT BREV NR. 1-24 FRÅ REVISOR, FORELØPIG
INNBERETNING MISLIGHETSSAK
SAK 27/24 REVISOR ORIENTERAR

Orienteringar

Kommunedirektør er invitert frå starten av møte for å presentere si tilbakemelding på oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Internkontroll – avvik og avvikshandtering».

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Bykle, 6. november 2024

Olav Mandt
Leiar

Inger Lise Austrud
Utvalssekretær

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / ila@asekretariat.no
Kopi til: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

Eierkommuner:
Bygland, Bykle, Evje og Hornnes,
Farsund, Flekkefjord, Hægebostad,
Iveland, Kvinesdal, Lindesnes,
Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Willy Gill
Telefon: 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Rådgiver Inger Lise Austrud
Telefon: 91 86 99 75
E-post: inger.lise.austrud@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 22/24

Møtedato: 13.11.24

Sakshandsamar: ILA

SAK 22/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 02.10.24

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 02.10.24

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 02.10.24 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 02.10.24 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 04/24

Dato: 02.10.2024 kl. 09.00 – 11.10 (11.30-12.30 - opplæring i Visma)

Stad: Bykle rådhus, kommunestyresalen

<p><u>Til stades:</u> Olav Mandt, leiar Bernt Einar Berntsen, varamedlem Peik Bachmann, varamedlem Anne Blix Grimestad, medlem Geir Anders Breive, medlem</p> <p><u>Forfall:</u> Tor Hallvard Mosdøl, nestleiar Ingrid Helle, medlem</p>	<p><u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tommy Pytten, Tor Ole Holbek og Maren Stapnes Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Ordførar Hans Blattmann</p>
--	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

- SAK 15/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 24.06.24
- SAK 16/24 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
- SAK 17/24 OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2024 BYKLE KOMMUNE
- SAK 18/24 VALGT OMRÅDE FOR ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
- SAK 19/24 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYKLE KOMMUNE 2025
- SAK 20/24 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON
- SAK 21/24 REVISOR ORIENTERAR

Kl. 11.30 – 12.30 vert det lagt opp til opplæring i HR portalen for alle medlemmar. Varamedlem vert og innkalla til dette.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Referatsak

Ref. 04/24 Reglement for kontrollutvalet

Underskrift

Olav Mandt
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

SAK 15/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 24.06.24

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. *Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 24.06.24 vert godkjent.*
2. *Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 24.06.24

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 24.06.24 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 24.06.24 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 16/24 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Attestasjonsuttale frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 26.06.24

Bakgrunn for saka:

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag i samband med Bykle kommunes etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til området egenandel for bebuar på institusjon – langtidsopphold.

Revisor har kontrollert følgande:

- Har kommunen fastsatt rutiner for etterberegning av betalingssatser for beboere på institusjon?
- Gjennomfører kommunene årlige etterberegning av betalingssatser for beboere på institusjon når skatteoppgjøret foreligger?
- For de kontrollerte sakene har kommunen gjennomført tilbakebetaling ved avdekket for mye betalt egenandel/har kommunen krevd tilleggsbetaling ved avdekket for lite betalt egenandel?

Uttalen gjev moderat sikkerheit for konklusjonen, altså er det ikkje like strenge beviskrav som til ei revisjonsberetning.

Saksopplysingar:

Kommunestyret skal sjå til at uavhengig instans med kunnskap om økonomiforvaltninga vurderer rutinane. Kommunestyret skal og sjå til at slike rutinar er etablert og overhaldd. Kontrollutvalet er kommunestyrets tilsynsorgan og det ligg til utvalet å føre tilsyn med kommunens forvaltning på kommunestyrets vegne.

For øvrig er revisors konklusjon som følger:

Konklusjon:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Bykle kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd de kontrollerte bestemmelsene i forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester §3, 6 ledd om årlig kontrollberegning av egenandelens størrelse ved langtidsopphold.

Vurderingar:

Forenkla etterlevelseskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det vert gjennomført, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurdering samt resultatet frå kontrollen.

Forenkla etterlevelseskontroll styrker kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga er i samsvar med føresegner og vedtak.

Kommunedirektør er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga er i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll.

Revisor vil i møtet orientere om resultatet av forenkla etterlevelseskontroll og svare på eventuelle spørsmål.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll til orientering.

SAK 17/24 OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2024 BYKLE KOMMUNE

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2024 for Bykle kommune til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Overordna revisjonsstrategi 2024 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 16.08.24

Bakgrunn for saka:

I følge kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav a, skal kontrollutvalet sjå til at kommunens rekneskap vert revidert på ein betryggande måte.

I forskrift om kontrollutval og revisjon §3 står det at kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og mellom anna sjå til at:

a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor

Orientering om overordna revisjonsstrategi og revisjonens risikovurdering er eit viktig ledd i kontrollutvalets arbeid med å følgje opp påse-ansvaret i forhold til rekneskapsrevisor.

Overordna revisjonsstrategi omfattar heile kommunen og beskriv revisjonens formål, foreløpig risikovurdering, kommunens økonomi, informasjon om kommunens risikostyring og økonomiske internkontroll, fastsetting av vesentlighetsgrense og revisjonsplan. Strategien er det overordna planleggingsdokumentet for gjennomføring av rekneskapsrevisjon.

Revisjonen vil gjennomgå revisjonsstrategien i møte og svare på eventuelle spørsmål.

Vurderingar:

Formålet med kontrollutvalets handsaming av overordna revisjonsstrategi er i hovudsak å ivareta kontrollutvalets påse-ansvar i forhold til rekneskapsrevisjon.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2024 for Bykle kommune til orientering.

SAK 18/24 VALGT OMRÅDE FOR ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar risiko- og vesentlighetsvurdering for forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga i Bykle kommune til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Risiko og vesentlighetsvurdering for forenkla etterlevelseskontroll frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 18.09.2024

Bakgrunn for saka:

I kommunelova § 24-9 står det følgande om revisors oppgåve:

Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovudsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Saksframstilling:

Ansvar for oppgåva er lagt til rekneskapsrevisor og det er i lova lagt opp til ein uttale på utført arbeid med moderat sikkerheit.

Det kjem fram av risiko- og vesentlighetsvurderinga at revisor etter ei samla vurdering har valt ut området: Overholdelse av regelverket for offentlige anskaffelser – protokollplikt ved kjøp av varer og tjenester mellom 0,1 mnok og 1,4 mnok.

Revisor vil sjå på etterlevelse av følgande forhold:

- *Er vesentlige forhold for gjennomføringen av anskaffelsen nedtegnet i en protokoll?*
- *Er det gjennomført en frivillig kunngjøring av konkurransen?*

Forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga vil bli gjennomført og rapportert til kontrollutvalet innan den fristen som lova har satt, 30. juni 2025. Rekneskapsrevisor vil vere til stades i møtet.

Vurdering:

Forenkla etterlevelseskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det gjennomførast, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurderinga, samt resultatane frå kontrollen.

Forenkla etterlevelseskontroll styrkar kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga foregår i samsvar med føresegner og vedtak.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar risiko- og vesentlighetsvurdering for forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga i Bykle kommune til orientering.

SAK 19/24 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYKLE KOMMUNE 2025

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tilrår en budsjetttramme for kontrollarbeidet i Bykle kommune for 2025 på kr 1 259 500*
- 2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlagte saksdokument:

- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat
- Agder Kommunerevisjon IKS – delbudsjett Bykle 2025

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget inneheld difor lovpålagte oppgåver. Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudgrupper; kontrollutvalet sine utgifter, utgifter til revisjonstenester og til sekretariat.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementets Veileder om kontrollutvalets rolle og oppgåver s. 16, seier bl.a. at: Kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett. I budsjettet må kontrollutvalet synleggjere kontrollutvalets eigne kostnader og kostnader knytt til revisjonsaktiviteter.

Videre står det noko om kven som kan gjera endringar i kontrollutvalets budsjett: Budsjettframlegg frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

Grunnen til at kontrollutvalets budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal difor uendra følgje det samla budsjettframlegget til

kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har naudsynt informasjon om kva for eit budsjett kontrollutvalet treng for å utøve sin funksjon.

Når det gjelder betaling for tenester som vert kjøpt av revisjonsselskapet og sekretariatet for kontrollutvala, vert desse fastsett av hhv. representantskapet for revisjonen og av styret for sekretariatet og kan berre endrast av desse.

Agder Sekretariat, vedteke budsjett.

Driftstilskotet skal dekke den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, oppfølging av kontrollutvalets vedtak, arkivhald med meir.

Agder Sekretariat KO er omdanna til eit kommunalt oppgavefellesskap og det er representantskapet som har fastsett budsjettet for 2025.

Agder Sekretariat KO har 13 eigar- og deltakarkommunar etter kommunesamanslåingane frå 01.01.20, medan det tidlegare var 16 kommunar.

Tidlegare auke i budsjettet har ikkje vore stilstreккеleg for å få økonomien i balanse etter tidlegare år med nullvekstgifter og auka lønns- og prisvekst. Dei seinare åra har vi tært på fondsmidlane (tidlegare års overskot) for å gjere opp rekneskapen. For å kome i balanse i 2025, må etterslepet dekkes inn og det må derfor leggest inn ei inntektsauke i budsjettet høgare enn forventa pris- og lønnsvekst for 2025.

Ein har tatt utgangspunkt i rekneskapstal for 2023, tillagt lønns- og prisvekst for 2024, samt forventa vekst for 2025.

I samband med organisasjonsendring frå §27-samarbeid etter gamal kommunelov til kommunalt oppgavefellesskap etter ny kommunelov med verknad frå 01.11.23, er det også innført ny modell for fordeling av sekretariatets utgifter. Kriteria for fordeling av utgiftene er ein fast andel, samt ein variabel del som vert berekna med utgangspunkt i antal innbyggjarar og antal møte i kontrollutvala. Det foretast avrekning året etter budsjettåret slik at sekretariatets utgifter vert fordelt ut frå avlagt rekneskap og oppdaterte tall for antal innbyggjarar og antal avholdte møte.

Det er budsjettert med fem (5) møter i kontrollutvalet i 2025.

Den nye beregningsmodellen medfører at driftstilskotet for Bykle kommune til Agder Sekretariat vert auka frå kr. 156.000 i 2024 til kr. 178.000 i 2025, jf. forklaring ovanfor.

Deltakartilskotet for 2025 vert fordelt som følger etter ny fordelingsmodell:

Tabell: Utvikling i deltakartilskott

Deltakarkommune	Tilskot 2025 (B)	Tilskot 2024	Tilskot 2023
Evje og Hornnes	199.000	175.000	151.000
Bygland	178.000	157.000	151.000
Bykle	178.000	156.000	151.000
Farsund	244.000	216.000	196.000
Flekkefjord	240.000	211.000	196.000
Hægebostad	183.000	161.000	151.000
Iveland	180.000	158.000	151.000
Kvinesdal	216.000	190.000	179.000

Lindesnes	362.000	319.000	325.000
Lyngdal	264.000	233.000	234.000
Sirdal	184.000	161.000	151.000
Valle	179.000	157.000	151.000
Åseral	176.000	155.000	151.000

*) Avrunda til næraste hele 1000 kr.

For nærare informasjon vises det til vedlagte budsjettsak for Agder Sekretariat.

Agder Kommunerevisjon IKS:

I medhald av lov om interkommunale selskap § 18 og 20 skal representantskapet vedta budsjett for komande kalenderår og ei gong i året vedta selskapets økonomiplan.

I medhald av selskapsavtalen ligg det til representantskapets mynde å vedta budsjett og økonomiplan, herunder å bestemme den nærmare fordelinga av utgifter på den enkelte kommune og verksemd. Vedteke budsjett/økonomiplan skal sendast eigarane innan 10. oktober før budsjettåret for innarbeiding i deltakarkommunens årsbudsjett.

Sekretariatet har motteke delbudsjett for 2025 frå Agder Kommunerevisjon IKS. Der det er lagt inn ei auke i tilskotet til revisjonen frå kr 800 000 til kr 850 000, som er ei auke med 6,2% frå året før.

I tillegg kjem kr 59 500 til forenkla etterlevelsesk kontroll. Samla revisjonstilskot for 2025 utgjør dermed kr 909.500.

Tilskotet skal dekke rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll m.m.

For ytterlegare informasjon om budsjettet syner ein til det vedlagte delbudsjett frå revisjonen.

Revisjonen vil vere til stades i møte og kan kommentere budsjettet ytterlegare og svare på eventuelle spørsmål.

Kontrollutvalet sine utgifter:

Budsjettet for kontrollarbeidet skal omfatte kontrollutvalets samla verksemd. Alle postar under kontrollutvalets arbeid foreslås behaldt uendra frå 2024.

Budsjettframlegget:

Det framlagte budsjettframlegg for kontrollarbeidet bygger på:

- Førre års budsjetttramme
- Delbudsjett Bykle for Agder Kommunerevisjon IKS for 2025
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat for 2025

Kontrollbudsjett Bykle kommune	Budsjettframlegg 2025	Vedteke budsjett 2024
Tilskot til revisjonen	Kr. 909.500	Kr. 856.500
Kommunen sin del av sekretariatstenester	Kr. 178.000	Kr. 156.000
Kontrollutvalets utgifter:		

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste m.m.	Kr. 47.000	Kr. 47.000
Kurs og opplæring:	Kr. 40.000	Kr. 40.000
Beverting:	Kr. 5.000	Kr. 5.000
Andre konsulenttenester: (ekstra ressursar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll mv.)	Kr. 80.000	Kr. 80.000
Totalbudsjett	Kr. 1.259.500	Kr. 1.184.500

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet tilrår en budsjetttramme for kontrollarbeidet i Bykle kommune for 2025 på kr 1 259 500
2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.

SAK 20/24 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjekt «Introduksjonsprogram for nyankomne innvandrere» og ber Agder Kommunerevisjon IKS legge fram prosjektplan i neste møte.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Vedteke plan for forvaltningsrevisjon 2023 – 2027

Bakgrunn for saka:

I plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2023 – 2027, vedteke av kommunestyret i møte 12.09.24, er desse forvaltningsrevisjonsprosjekta prioritert:

Prioritet	Tema/sector/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.	Helse og velferd	Introduksjonsprogrammet for nyankomne innvandrere
2.	Helse og velferd	Helsesamarbeidet
3.	Kommunedirektørens stab	Samfunnssikkerhet og beredskap
4.	Planavdelinga	Bærekraftig arealplanlegging

Kommunestyret har i sitt vedtak av planen gjeve kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gang andre prosjekt utanom planen, dersom utvalet ser behov for det.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet står fritt til å prioritere kva for eit prosjekt dei vil setje i gong. Ein vil foreslå at kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å starte arbeidet med eit nytt prosjekt. Utvalet må drøfte kva for eit prosjekt dei vil velje.

Vurderingar:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen drives på ein måte som ivaretek innbyggjarane sine behov og rettigheitar best mogleg. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon undersøker kontrollutvalet om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte. Fokus på å bidra til forbetring er eit viktig aspekt med gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Etter prioritering og bestilling av konkret prosjekt, vil det for forvaltningsrevisjonsprosjekt bli utarbeida ein prosjektplan som mellom anna omhandlar kva for nokre problemstillingar prosjektet tek sikte på å besvare. Utarbeiding av problemstillingar skjer i samarbeid mellom kontrollutvalet og kommunerevisjonen. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet før prosjektet kan påbegynnes.

Kontrollutvalet kan allereie nå gi signaler til revisjonen om kva som kan være aktuelle problemstillingar og kva ein ynskjer undersøkt i prosjektet. Problemstillingar (kva for nokre spørsmål som ønskes besvart), ressursbruk og framdriftsplan er sentrale element som må drøftast. Kontrollutvalet må ta stilling til kontrollens omfang basert på tilgjengelege ressursar.

Kontrollutvalet må i møte drøfte kva for eit prosjekt dei vil setje i gong. Revisor vil vere til stades i møte og kan svare på eventuelle spørsmål.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjekt «_____» og ber Agder Kommunerevisjon IKS legge fram prosjektplan i neste møte.

SAK 21/24 REVISOR ORIENTERAR

Handsaming i møte:

Rekneskapsrevisjon:

Hatt møte med administrasjonen med gjennomgang av erfaringar frå årets årsoppgjer og revisors forventningar framover.

Behandling i møte:

Lukking av møte:

Revisor foreslo å lukke møtet under deler av orienteringa frå revisor med henvisning til kommunelova § 11-5 jfr. offentleglova § 24.

Utvalget drøftet dette og fattet følgende vedtak:

Vedtak:

Kontrollutvalget lukker møtet under orientering fra revisor med henvisning til til kommunelova § 11-5 b, jfr. offentleglova § 24.

Møtet ble lukka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalget: Neste møte i kontrollutvalet 13.11.24

Eventuelt

Referatsak

Ref. 04/24 Reglement for kontrollutvalet

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 23/24

Møtedato: 13.11.24

Sakshandsamar: ILA

**SAK 23/24 KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «INTERNKONTROLL –
AVVIK OG AVVIKSHÅNDTERING I BYKLE KOMMUNE»**

Vedlegg:

Tilbakemelding frå kommunedirektør med vedlegg

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 15.12.2023 framlegg til kommunestyret i samband med rapport «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Bykle kommune». Kommunestyret vedtok kontrollutvalets innstilling.

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Bykle kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.2024 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

Skriftleg tilbakemelding følger vedlagt saka. Kommunedirektør er invitert til møte for å orientere. Revisor vil og vere til stades i møte og kan kommentere saka.

Tilrådingane i rapporten: (Kommunedirektøren sine tilbakemeldingar kjem under kvart kulepunkt i kursiv:)

- Kommunen bør arbeide med å øke kjennskap til rutiner nedover i organisasjonen

Bykle kommune sine rutinar er samla i internkontrollsystemet Compilo. Dei tilsette i kommunen har fått informasjon om systemet og opplæring i å bruke systemet. Einingsleiarane har ansvar for årleg gjennomgang av systemet med dei tilsette. Alle nyttilsette får tilsendt e-post med aktuelle rutinar på ei leseliste, og systemet registrerer når rutinane er lest. Dersom rutinar ikkje vert lest sendar systemet ut påminning om dette. Tilsette får òg tilsendt e-post med leseliste ved oppdatering og endring av relevante rutinar. Dersom rutinar ikkje vert lest sendar systemet ut påminning om dette. Det er utarbeidd eigne rutinar for melding av avvik. Desse rutinane skildrar både kva eit avvik er, kvifor ein skal melde avvik, kva for kategoriar avvik som kan meldast, korleis avvik vert meldt og korleis dei vert følgt opp.

For å styrke den generelle kjennskapen til Bykle kommune sine rutinar nedover i organisasjon vert følgande tiltak iverksett:

- *Årleg gjennomgang av kommunen sine rutinar og internkontrollsystem med einingsleiarane, og ei presisering av einingsleiaranes ansvar for å informere og oppdatere tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.*
- *Utarbeiding av ein eigen presentasjon av rutinane og internkontrollsystemet, samt ei sjekklister som einingsleiarane kan nytte i den årlege gjennomgangen*

med dei tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.

- *Utsending av e-post til alle tilsette kvar 6. mnd med informasjon om kommunen sine rutinar, samt ei påminning om at kvar enkeltilsett har ansvar for å gjere seg kjent med rutinane og å følge dei.*

- Kommunen bør ha større fokus på at alle avvik meldes i systemet

Bykle kommune ønskjer at alle avvik vert meldt og at avvika vert meldt inn gjennom internkontrollsystemet Compilo. Ein erfarer likevel at det er tilsette som ikkje er godt nok kjend med tydinga av avvik og plikten til å melde avvik, og/eller ikkje har ressursar til å melde avvika gjennom det etablerte avvikssystemet i Compilo.

For sikre at alle tilsette har den same forståinga av tydinga av avvik og plikten til å melde avvik, og tilstrekkelege føresetnader til å melde avvik i det etablerte systemet vert det iverksett følgande tiltak:

- *Årleg gjennomgang med einingsleiarane om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt. Det vert vidare presisert at einingsleiarane har ansvar for å informere og oppdatere tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.*
- *HR og organisasjon har utarbeid ein eigen presentasjon om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt. Alle tenesteleiarane får kvart år tilbod om at tilsette frå HR og organisasjon kjem i avdelingsmøte for å gje informasjon og opplæring. Dette tiltaket er allereie etablert og vert lagt inn i årshjulet.*
- *Utsending av e-post til alle tilsette kvar 6. mnd med informasjon om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt, samt ei påminning om at kvar enkeltilsett har ansvar for å gjere seg kjent med rutinane for å melde avvik og å følge dei.*
- *Etablering av «mobilapp» for Compilo. Dette vil gjere det enklare for alle å melde avvik og gjere avvikssystemet meir tilgjengeleg for tilsette som ikkje brukar data i det daglege arbeidet. Løysinga vert etablert i løpet av 2024.*
- *Etablering av ei ordning der tilsette som av ulike grunnar ikkje får til å melde avvik gjennom avvikssystemet kan få hjelp til dette av kommunens ansvarlege for internkontrollsystemet. Ordninga vert etablert i løpet av 2024.*

- Kommunen bør rette mer fokus på andre avvik enn HMS-avvik både når det gjelder utarbeidelse og kjennskap til rutiner

Bykle kommune har etablert rutinar innanfor ein rekke kategoriar og har eigne rutinar som skil mellom dei ulke avvikskategoriane. I 2025 skal kommunen ha ein gjennomgang av rutinane for å revidere og supplere dei. Det vert i denne samanheng retta eit særleg fokus på rutinar og avvik utanfor HMS-området.

Revidert rutinar og nye rutinar kjem til å verte gjort kjent for dei tilsette gjennom utsending av e-post frå Compilo. Vidare vert fokus på avvik utanfor HMS-området inkludert i dei årlege gjennomgangane for tenesteleiarane og i avdelingsmøta, og i dei halvårlege utsendingane av informasjon på e-post. Ein syner til omtale av desse tiltaka på dei tidlegare punkta.

- Kommunen bør vurdere fast opplæring av alle ansatte jevnlig

Bykle kommune er einig i at regelmessig opplæring i internkontroll generelt og i

avvikshandtering spesielt er viktig for å etablere eit velfungerande system. Ein meiner at følgande tiltak frå punkta over vil sikre dette:

- Årleg gjennomgang av kommunen sine rutinar og internkontrollsystem med einingsleiarane, og ei presisering av einingsleiaranes ansvar for å informere og oppdatere tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.*
- Utarbeiding av ein eigen presentasjon av rutinane og internkontrollsystemet, samt ei sjekkliste som einingsleiarane kan nytte i den årlege gjennomgangen med dei tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.*
- Utsending av e-post til alle tilsette kvar 6. mnd med informasjon om kommunen sine rutinar, samt ei påminning om at kvar enkeltilsett har ansvar for å gjere seg kjent med rutinane og å følge dei.*
- Årleg gjennomgang med einingsleiarane om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt. Det vert vidare presisert at einingsleiarane har ansvar for å informere og oppdatere tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.*
- HR og organisasjon har utarbeid ein eigen presentasjon om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt. Alle tenesteleiarane får kvart år tilbod om at tilsette frå HR og organisasjon kjem i avdelingsmøte for å gje informasjon og opplæring. Dette tiltaket er allereie etablert og vert lagt inn i årshjulet.*
- Utsending av e-post til alle tilsette kvar 6. mnd med informasjon om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt, samt ei påminning om at kvar enkeltilsett har ansvar for å gjere seg kjent med rutinane for å melde avvik og å følge dei.*

Vurdering:

Hensikten med denne oppfølginga er å sjå til at kommunedirektør har følgd opp anbefalingane i rapporten på ein tilfredsstillande måte. Sekretariatet har elles ingen merknader i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar kommunedirektørens tilbakemelding til orientering.

Tilbakemelding til kontrollutvalet om oppfølging av tilrådingar

Forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Bykle kommune» vart handsama av kontrollutvalet 16.02.24. Rapporten konkluderte med «at Bykle kommunes internkontrollsystem i tilstrekkelig grad bidrar til å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik, jf koml § 25». Samstundes kom revisor med dei følgjande tilrådingane for å styrke arbeidet med internkontroll i kommunen:

- Kommunen bør arbeide med å øke kjennskap til rutiner nedover i organisasjonen, punkt 5.6
- Kommunen bør ha større fokus på at alle avvik meldes i systemet, punkt 5.6
- Kommunen bør rette mer fokus på andre avvik enn HMS-avvik både når det gjelder utarbeidelse og kjennskap til rutiner, pkt. 5.6
- Kommunen bør vurdere fast opplæring av alle ansatte jevnlig, punkt 5.6

Etter innstilling frå kontrollutvalet fatta kommunestyret følgjande vedtak den 22.02.24:

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll – avvik og avvikshandtering i Bykle kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.2024 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

Kommunedirektøren beklagar at svaret kjem etter fristen. Tilbakemelding om oppfølgingstiltak vert gjort greie for punktvis og i rekkefølge etter tilrådinga frå rapporten.

1. Kommunen bør arbeide med å øke kjennskap til rutiner nedover i organisasjonen

Bykle kommune sine rutinar er samla i internkontrollsystemet Compilo. Dei tilsette i kommunen har fått informasjon om systemet og opplæring i å bruke systemet. Einingsleiarane har ansvar for årleg gjennomgang av systemet med dei tilsette.

Alle nytilsette får tilsendt e-post med aktuelle rutinar på ei leseliste, og systemet registrerer når rutinane er lest. Dersom rutinar ikkje vert lest sendar systemet ut påminning om dette.

Tilsette får òg tilsendt e-post med leseliste ved oppdatering og endring av relevante rutinar. Dersom rutinar ikkje vert lest sendar systemet ut påminning om dette.

Det er utarbeidd egne rutinar for melding av avvik. Desse rutinane skildrar både kva eit avvik er, kvifor ein skal melde avvik, kva for kategoriar avvik som kan meldast, korleis avvik vert meldt og korleis dei vert følgt opp.

Rutinane for avviksmeldingar i Compilo:

[Avviksrapportering - retningslinjer](#)

Retningslinjer for val av kategori ved avviksrapporing

For å styrke den generelle kjennskapen til Bykle kommune sine rutinar nedover i organisasjon vert følgande tiltak iverksett:

- Årleg gjennomgang av kommunen sine rutinar og internkontrollsystem med einingsleiarane, og ei presisering av einingsleiaranes ansvar for å informere og oppdatere tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.
- Utarbeiding av ein eigen presentasjon av rutinane og internkontrollsystemet, samt ei sjekklister som einingsleiarane kan nytte i den årlege gjennomgangen med dei tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.
- Utsending av e-post til alle tilsette kvar 6. mnd med informasjon om kommunen sine rutinar, samt ei påminning om at kvar enkelttilsett har ansvar for å gjere seg kjent med rutinane og å følge dei.

2. Kommunen bør ha større fokus på at alle avvik meldes i systemet

Bykle kommune ønskjer at alle avvik vert meldt og at avvika vert meldt inn gjennom internkontrollsystemet Compilo. Ein erfarer likevel at det er tilsette som ikkje er godt nok kjend med tydinga av avvik og plikten til å melde avvik, og/eller ikkje har ressursar til å melde avvika gjennom det etablerte avvikssystemet i Compilo.

For sikre at alle tilsette har den same forståinga av tydinga av avvik og plikten til å melde avvik, og tilstrekkelege føresetnader til å melde avvik i det etablerte systemet vert det iverksett følgande tiltak:

- Årleg gjennomgang med einingsleiarane om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt. Det vert vidare presisert at einingsleiarane har ansvar for å informere og oppdatere tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.
- HR og organisasjon har utarbeid ein eigen presentasjon om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt. Alle tenesteleiarane får kvart år tilbod om at tilsette frå HR og organisasjon kjem i avdelingsmøte for å gje informasjon og opplæring. Dette tiltaket er allereie etablert og vert lagt inn i årshjulet.
- Utsending av e-post til alle tilsette kvar 6. mnd med informasjon om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt, samt ei påminning om at kvar enkelttilsett har ansvar for å gjere seg kjent med rutinane for å melde avvik og å følge dei.
- Etablering av «mobilapp» for Compilo. Dette vil gjere det enklare for alle å melde avvik og gjere avvikssystemet meir tilgjengeleg for tilsette som ikkje brukar data i det daglege arbeidet. Løysinga vert etablert i løpet av 2024.
- Etablering av ei ordning der tilsette som av ulike grunnar ikkje får til å melde avvik gjennom avvikssystemet kan få hjelp til dette av kommunens ansvarlege for internkontrollsystemet. Ordninga vert etablert i løpet av 2024.

3. Kommunen bør rette mer fokus på andre avvik enn HMS-avvik både når det gjelder utarbeidelse og kjennskap til rutiner

Bykle kommune har etablert rutinar innanfor ein rekke kategoriar og har eigne rutinar som skil mellom dei ulike avvikskategoriene. I 2025 skal kommunen ha ein gjennomgang av rutinane for å revidere og supplere dei. Det vert i denne samanheng retta eit særleg fokus på rutinar og avvik utanfor HMS-området.

Revidert rutinar og nye rutinar kjem til å verte gjort kjent for dei tilsette gjennom utsending av e-post frå Compilo. Vidare vert fokus på avvik utanfor HMS-området inkludert i dei årlege gjennomgangane for tenesteleiarane og i avdelingsmøta, og i dei halvårlege utsendingane av informasjon på e-post. Ein syner til omtale av desse tiltaka på dei tidlegare punkta.

4. Kommunen bør vurdere fast opplæring av alle ansatte jevnlig

Bykle kommune er einig i at regelmessig opplæring i internkontroll generelt og i avvikshandtering spesielt er viktig for å etablere eit velfungerande system. Ein meiner at følgande tiltak frå punkta over vil sikre dette:

- Årleg gjennomgang av kommunen sine rutinar og internkontrollsystem med einingsleiarane, og ei presisering av einingsleiaranes ansvar for å informere og oppdatere tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.
- Utarbeiding av ein eigen presentasjon av rutinane og internkontrollsystemet, samt ei sjekkliste som einingsleiarane kan nytte i den årlege gjennomgangen med dei tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.
- Utsending av e-post til alle tilsette kvar 6. mnd med informasjon om kommunen sine rutinar, samt ei påminning om at kvar enkelttilsett har ansvar for å gjere seg kjent med rutinane og å følge dei.
- Årleg gjennomgang med einingsleiarane om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt. Det vert vidare presisert at einingsleiarane har ansvar for å informere og oppdatere tilsette i eiga avdeling. Dette vert lagt inn i årshjulet.
- HR og organisasjon har utarbeid ein eigen presentasjon om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt. Alle tenesteleiarane får kvart år tilbod om at tilsette frå HR og organisasjon kjem i avdelingsmøte for å gje informasjon og opplæring. Dette tiltaket er allereie etablert og vert lagt inn i årshjulet.
- Utsending av e-post til alle tilsette kvar 6. mnd med informasjon om kva avvik er, kvifor det er viktig å melde avvik og korleis avvik vert meldt, samt ei påminning om at kvar enkelttilsett har ansvar for å gjere seg kjent med rutinane for å melde avvik og å følge dei.


